



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/16	Formannskapet	01.09.2016

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
16/84 - 16/5016	K1 - 141, K1 - 145	Jan Olav Åsarmoen Møller 959 84 656	23.08.2016

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 - 2020 - utlegging til offentlig ettersyn

Kort samandrag

Administrasjonen har utarbeidd framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan for 2017 – 2020, som kan leggjast ut til offentlig ettersyn og sendast på høyring. Den kommunale planstrategien er ein del av plandokumentet.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek at framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020, samt kommunal planstrategi, vert å leggja ut til offentlig ettersyn og sendast på høyring, i samsvar med Plan- og bygingslova §§10-1, 11-1 og 11-4, samt kommunelova §44. Plandokumentet omfattar:

- Driftsbudsjettet sine økonomiske rammer, jf side 18.
- Investeringar i perioden med finansiering, jf tabell side 22.
- Handlingsdel i planperioden jf side 27-38.
- Kommunal planstrategi jf side 11

01.09.2016 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Leiv Jarle Bergheim:

- Endring av prosjektittel for Skjerdalsvegen 28 til bygningsmessigetiltak innanfor pleie og omsorg.

Avklare om det er mogleg å få med eksterne på finansiering av turvegen Heggviki-Bøen, td. næringsaktører, Statens vegvesen m.fl.

FS-044/16 Vedtak:

Formannskapet vedtek at framlegg til kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017-2020, samt kommunal planstrategi, vert å leggja ut til offentlig ettersyn og sendast på høyring, i samsvar med Plan- og bygingslova §§10-1, 11-1 og 11-4, samt kommunelova §44. Plandokumentet omfattar:

- Driftsbudsjettet sine økonomiske rammer, jf side 18.
- Investeringar i perioden med finansiering, jf tabell side 22.
- Handlingsdel i planperioden jf side 27-38.
- Kommunal planstrategi jf side 11

Endring av prosjektittel for Skjerdalsvegen 28 til bygningsmessigetiltak innanfor pleie og omsorg.

Samrøystes

Vedlegg:

Kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2017 - 2020, samt kommunal planstrategi - høyringsframlegg

Handlingsplan - helse og omsorg (L)(212088)

Handlingsplan - næring (L)(212086)

Handlingsplan - VA (L)(212085)

Handlingsplan - veg og trafikktrygging (L)(212087)

Interkommunale samarbeid (L)(212089)

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

- *Plan- og bygningslova §11*
 - *Kommunelova §44*
 - *Kommuneplan for Aurland, samfunnsdel av 2007 og arealdel av 2009.*
 - *Handlingsdel med økonomiplan 2014 – 2017, av 19.12.2013.*
 - *Kommunal planstrategi 2012 – 2015, av 15.11.2012.*
 - *Analyse- og utfordringsdokument, av juni 2012.*
 - *Kommunedelplan for veg og trafikktrygging , av 07.03.2013.*
 - *Evaluering av regionalt næringsfond Aurland – Vik – Voss, av mai 2013*
 - *Samfunns- og næringsanalyse for Aurland kommune, Menon 2012.*
 - *Kommunedelplan for næring, av 19.06.2014.*
 - *Kommunedelplan for helse og omsorg, av 18.09.2014.*
 - *Hovudplan for vatn*
 - *Kommunedelplan for klima og energi, av 16.12.2010.*
 - *Utviklingsmelding for grunnskule, barnehage og kulturskule.*
 - *Sakspapir 006/15 – oppstart av planarbeid, med framdriftsplan.*
 - *Utfordringsnotat til økonomiplanseminar 19.03.2015*

Saksutgreiing

Formannskapet gjorde i møte 07.04.2016, sak 019/16 vedtak om å starte opp rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan for perioden 2017– 2020. Oppstart av planarbeid vart kunngjort i Sogn avis og på Aurland kommune si heimeside, og ulike instansar vart inviterte til å kome med innspel til oppstartsvedtaket.

Det vart gjennomført økonomiseminar i Flåm, der KSK og RO hadde gjennomgangar av KOSTRA og førebelse funn i analysen av pleie og omsorgstenestene i Aurland. Analysen vart presentert for kommunestyret 9 juni 2016. I tillegg til kommunestyret og utvalsmedlemmane, var tenesteleiarane og tillitsvalde med.

Det vart halde planverkstad i utvala 23.05.2016, der utvala kom med innspel til planarbeidet. I forkant av møtet vart det halde orientering om økonomiske rammer og framlegg til investeringar.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp og/eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling i kommunen.

§11-1 i Plan- og bygningslova set krav om at kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som seier noko om korleis planen skal fylgjast opp dei neste fire åra, og skal rullerast årleg. Økonomiplanen kan, etter kommunelova §44, vera ein del av handlingsdelen.

For den årlege rulleringa av handlingsdel, jf §11-1, skal kommunen innhenta synspunkt/merknadar frå berørte statlege og regionale organ, og andre som har ansvar for gjennomføringa av tiltak i handlingsdelen. Kommuneplanen sin handlingsdel skal leggast ut til offentleg ettersyn og høyring minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming.

Dersom formannskapet vil endre prioriteringane i planen, er det eit krav at kvart år i planperioden skal balanserast. Driftsrammer, investeringar og tiltak skal vere realistiske. Eventuelle store endringsframlegg bør sendast attende til administrasjonen for konsekvensvurdering.

Planen må sjåast i samanheng med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel som no er starta opp.

Økonomiske konsekvensar

I planframlegget er det budsjettert ein styrking av disposisjonsfondet. Ei målsetjing er at fondet skal ha ein grunnbeholdning på minst 20 millionar. Det er i tillegg ei målsetjing å styrke konsesjonsavgiftsfondet, og skal ha ein grunnbeholdning på 20 mill pr 31.12.2020. Dette er i tråd med kommunestyret sine signal frå økonomiplanseminaret.

Det er lagt opp til ein auke i lånegjelda frå 104,3 millionar i 2016 til 151,5 millionar i 2020.

Ein stor del av kommunen sine inntekter er kraftrelaterte. Desse inntektene har vore på same nominelle nivå over fleire år, og har dermed ikkje auka i takt med lønns- og prisvekst. Det er forventa ein liten reduksjon i desse inntektene i planperioden.

Dette må kommunen ta omsyn til i planlegginga. Dette betyr i realiteten eit årleg effektiviseringskrav i planperioden. Det pågår i tillegg prinsipielle avklaringar i høve korleis fradraga skal utreknast ved fastsetting av eigedomssakttetakst på linjer, jf dom av 28 juni 2016 i lagmannsretten. Dette vil kunne påverke inntektene til kommunen i stor grad.

Det er naudsynt med reduksjon i drifta i planperioden for å kunne møte framtida. Det er krevjande å finne reduksjonstiltak i drifta, utan å gjennomføre strukturendringar. Prosjekt for reduksjon i drifta vert eit viktig arbeid framover.

I planperioden er det lagt inn investeringar som skal føre til omstrukturering i drifta, som igjen vil gje reduserte driftsutgifter. Reduksjonar som ligg i økonomiplan blir konkretisert i årsbudsjetta.

Vurdering

Dei økonomiske rammene for kommuneplanen sin handlingsdel 2017-2020 er bygd på vedtatt plan for 2016-2019, budsjett 2016, kjente grunnlagsendringar og kommuneproposisjonen 2017.

Planverkstad i utvala 23.05.2016

Det vart halde planverkstad i utvala 23.05.2016 der utvala kom med innspel til planarbeidet. I forkant av møtet vart det halde ein gjennomgang av dei økonomiske rammene og investeringsbudsjettet.

Til oppstartsvarelet kom det inn merknad frå Aurland idrettslag, dagsett 25.04.2016, med innspel om kunstgrasbane. Det er lagt ved eit kostnadsoverslag som syner total kostnad på 6,8 mill.

Kommentar: Kommunen vil vurdere å ta inn prosjektet ved neste års rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan 2018 - 2021, når prosjektet er forankra i handlingsprogrammet til kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse som no skal rullerast. Prosjektet kan tidlegast få tippemidlar i 2018.

Investeringar:

Det er planlagd investeringar for om lag 221 mill kroner i åra 2017 til 2020. Større investeringsprosjekt som er prioriterte i rådmannen sitt framlegg er:

- Opparbeiding Furuly
- Skjerdalsvegen 28
- Barnehage
- Symjehall
- Turveg
- Opparbeiding Ty og Fretheimshaugane
- Investeringar etter flaumen

Rådmannen vurderar investeringsbudsjettet til å vera svært høgt, noko som vil bety lite rom for nye prosjekt i planperioden utan at andre prosjekt vert skyvd på, tekne ut eller finansiert gjennom låneopptak. Rådmannen meiner likevel at planen er realistisk med dei føresetnadane som ligg i finansieringa av prosjekta. Dette på grunn av att det er nokre få store prosjekt som krev betydelege investeringar. Prosjekta har høg samfunnsnytte og det er såleis vanskeleg å prioritere mellom dei. For att planen skal bli gjennomført krev det att det må vera sterkt fokus på reduksjon av drifta. Auken i lånegjelda inneber att belastninga på drift vil bli vesentlege større ved eventuell renteauke.

Kommunal planstrategi og rullering av kommuneplan:

Føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp og/eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønskja utvikling i kommunen.

Planstrategien set sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt, og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

KPS skal fungera som eit enkelt politisk verktøy for politisk styring og prioritering av planbehov. Den skal vidare sikre overordna planlegging og ta opp i seg nokon av dei største utfordringane Aurland kommune står ovanfor.

Det er starta opp rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Dette vert eit viktig og prioritert arbeid dei neste to åra. I tillegg pågår det områdeplanar for Undredal sentrum og Flåm sentrum, samt sentrumsprosjekt for Aurlandsvangen, som peikar seg ut som svært viktige. Den kommunale planstrategien har sidan den vart vedteken i 2012 blitt oppdatert kvart år gjennom rullering av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan. Grunnlagsdokument som vert utarbeidd er folkehelseoversikta og kjerneområde landbruk og kulturlandskap, vil vera viktig inn i arbeid med rullering av kommuneplan.

Etter rådmannen si vurdering ligg det til rette for att kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan for perioden 2017 – 2020, samt den kommunale planstrategien, kan leggjust ut til offentleg ettersyn og høyring.